



17. MAI PÅ HAFSLO 2016

Program for dagen:

Kl. 07.45: Salutt (7 salver frå Tangsmarki)

Kl. 08.00: Flaggheising

Kl. 08.30: 8. kl. lagar «liv og røre» rundt om i bygda

Kl. 12.00: Gudsteneste i Hafslo kyrkje

Kl. 12.45: Minnemarkering ved krigsbautaen v/ Bjørg Marit Solheim

Kl. 13.00: Tog frå kyrkja via omsorgssenteret til skulen

Rekkjefølgje i toget:

- Ungdomslaget si fane
- Flaggborg
- Hafslo songlag
- Drilljentene
- Korpset
- Skulefana
- 1.-7. klasse
- Hafslo barnehage
- Gamlestova barnehage
- HIL-flagg
- Skyttarlaget si fane (130-årsjubileum)
- Raudekrossen si fane (35-årsjubileum)
- Folketog

Stopp og kort program ved omsorgssenteret

Inne: song og musikk ved 8.kl.

Program ved skulen:

- «Ja, vi elsker» og ein marsj av Hafslo songlag med korps og drilljenter ute
- Tale for dagen v/russejenter frå Hafslo
- Knøttekoret
- Allsang
- Luster gospelkor
- Song og musikk av 8. kl.
- Allsang
- Leiker ute
- Utdeling av premie til beste klasse i toget
- Dagen vert avslutta med fotballkamp på kunstgrasbana

Det vert sal av rømmegraut/plommesuppe/spekemat, pølser, is, brus, kaffi og kaker.
(Hugs kontantar og småpengar).

VEL MØTT TIL Å FEIRA NASJONALDAGEN!

Helsing elevar og føresette i 8. kl.



VESTLAND, VESTLAND

Å Vestland, Vestland når eg ser deg slik
med fagre fjell og fjord og tronge vik.
Det stig i all sin venleik stort og vilt
og atter møter meg so mjukt og mildt.

Og gleda strøymer i meg still og stor
med glans av bjørkeli og blåe fjord,
og i meg sjølv eg kjenner djupet av
den stille skogen og det store hav.

Min lette båt ein solblank kveld eg ror,
sjå fjell og himmel sym på stille fjord,
og djupe dalen med sitt grønne fang,
som skin av lauv og blom frå li og vang.

Sjå skuggane som kliv dei kvasse fjell
lik dagsens timar tøyser seg mot kveld.
Det sveiper seg om tind og tronge dal
eit draumeslør av sommarnatti sval.

NO LIVNAR DT I LUNDAR

No livnar det i lundar,
no lauvast det i li,
den heile skapning stundar
no fram til sumars tid.

Det er vel fagre stunder
når våren kjem her nord,
og atter som eit under
nytt liv av daude gror.

Du vår med ljose dagar,
med lengting, liv og song.
Du spår at Gud oss lagar
ein betre vår ein gong.

Då me med vigsla tunge,
med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunge
skal lova Herren vår!

